

Forskrift om tryggleik i passasjerområde

Fastsett av Sjøfartsdirektoratet 17. desember 2021 med heimel i lov 16. februar 2007 nr. 9 om skipssikkerhet (skipssikkerhetsloven) §§ 9, 11 og 45, jf. delegeringsvedtak 16. februar 2007 nr. 171 og delegeringsvedtak 31. mai 2007 nr. 590.

§ 1. Verkeområde

Forskrifta gjeld passasjerområde på norske skip med

- a. tryggleikssertifikat for passasjerskip
- b. tryggleikssertifikat for hurtiggående passasjerfartøy
- c. tryggleikssertifikat for passasjerskip i innanriksfart
- d. tryggleikssertifikat for passasjerskip i territorialfarvatnet ved Svalbard
- e. passasjersertifikat.

Passasjerområde er alle innvendige og utvendige delar av skipet som er meint for passasjerar.

Forskrifta gjeld ikkje for skip som er sertifisert etter forskrift 17. juni 2014 nr. 768 om særlige regler for skip som er vernet eller fredet og fører flere enn 12 passasjerer.

§ 2. Skip bygde før 1. januar 2022

Skip som var kjølstrekte eller som var på eit tilsvarande byggjetrinn før 1. januar 2022, kan i staden for å oppfylle §§ 3-14 oppfylle krava som gjaldt på byggjetidspunktet. Unntaket gjeld ikkje skip som blir sertifiserte som passasjerskip for fyrste gong i Noreg etter 1. januar 2022.

Ved ombygging av passasjerområde gjeld krava i denne forskrifta for områda som blir ombygde. Krava i § 4 tredje til sjette ledd gjeld likevel ikkje ved ombygging av eksisterande passasjerområde.

Ved endring i passasjertal gjeld krava i § 9.

§ 3. Skip under 15 meter

Skip i innanriksfart med største lengd under 15 meter som blir bygde, dimensjonerte og utstyrte etter krava i Nordisk båtstandard 1990 for yrkesbåter under 15 meter, treng ikkje oppfylle §§ 4 til 13.

§ 4. Byggjekrav

Passasjerområde skal vere plasserte og utforma slik at dei ved tiltenkt bruk gjev forsvarleg tryggleik for liv og helse, og er skjerma mot sterk støy og utslepp frå andre delar av skipet.

Det skal vere direkte tilkomst til passasjerområde frå staden der passasjerane kjem om bord i skipet. Alle innvendige og utvendige passasjerområde skal vere samanhengande. Område som ikkje er passasjerområde, skal vere tydeleg merka eller stengde for passasjerar.

Innvendige passasjerområde skal plasserast aktanfor kollisjonsskottet. For skip som ikkje har krav om kollisjonsskott, skal innvendige passasjerområde plasserast aktanfor 0,05 L (m) av fremre perpendikulær.

Dørken skal liggje over den djupaste lastelinja til skipet.

Takhøgda skal vere minst 2030 mm. Takhøgda kan reduserast i eit område der full rørslefridom ikkje er naudsynt. Fri høgde i trapper skal vere minst 2030 mm målt frå ei tenkt linje som går gjennom ytste kanten på kvart trappetrinn.

Overkant av dørøpningar skal vere minst 2000 mm over dørk, dekk eller rampe.

Dører, inkludert opne- og lukkemekanisme, skal vere utforma på ein måte som i størst mogeleg grad hindrar klemskade.

Dørk og dekk, trappetrinn og rampar skal ha sklisikker overflate.

§ 5. Trapper, trappeheisar og løfteplattformer

Trapper skal ha rette løp mellom kvar avsats. Heile trappa skal ha lik stigning. Inntrinnet skal vere minst 250 mm. Forholdet mellom inntrinn og opptrinn skal vere $2 \times \text{opptrinn} + 1 \times \text{inntrinn} = 620 \text{ mm} \pm 20 \text{ mm}$.

Opningar større enn 100 mm mellom trappetrinn skal sikrast.

Løfteplattform, trappeheis eller liknande som oppfyller krava i forskrift 20. mai 2009 nr. 544 om maskiner, kan monterast på skip, men skal ikkje nyttast medan skipet er undervegs. Løfteplattform, trappeheis eller liknande skal vere kopla til ei naudkraftkjelde. Det skal vere fri takhøgde på 2030 mm over heile løfteplattforma.

Trappeheis kan berre monterast i trapper som ikkje er ein del av dei påkravde rømmingsvegane om bord.

§ 6. Rekkverk

Nivåskilnader på meir enn 500 mm skal sikrast med rekkverk.

Rekkverk i passasjerområde skal utformast slik at dei hindrar klatring.

Høgde på rekkverk i passasjerområde skal vere minimum 1100 mm.

Opningar i rekkverket skal vere maksimalt 100 mm opp til ei høgde på minst 900 mm.

Lenseportar, gatt og liknande skal vere sikra slik at ingen opningar er større enn 100 mm.

Portar i rekkverk skal oppfylle same krav som rekkverk. Porten og låsemekanismen skal vere utforma slik at porten ikkje kan opnast utilsikta.

§ 7. Ventilasjon og oppvarming

Ventilasjonen skal vere tilpassa utforminga av romma, tiltenkt bruk, og forureinings- og fuktbelastning. Ventilasjonen skal ha kapasitet til å tilføre kvart rom i innreiinga minst 30 m^3 frisk luft per person per time.

Innelufta skal ikkje innehalde konsentrasjonar av forureining som kan gje helseskade eller irritasjon.

Rom meinte for varig opphald skal kunne halde ein temperatur på minst 20 °C. Det skal vere mest mogeleg lik temperatur ved dørk og himling.

§ 8. Belysning

I alle passasjerområde skal den gjennomsnittlege kunstige belysninga vere minst 150 lux.

Ved måling av gjennomsnittleg belysning i eit rom skal alle elektriske lyskjelder som normalt er i bruk, vere på. Når lysmålingane blir utførte, skal alt naturleg lys vere avskjerma. Det skal takast målingar midt i rommet og i kvart hjørne. Målingane skal gjerast ein meter over dørken.

Utvendige passasjerområde som ikkje kan oppfylle kravet i første ledd av omsyn til navigeringa av skipet, skal vere stengde for passasjerar når det er mørkt.

Lugarar skal ha lys som gjer det mogeleg å finne utgangen i ein naudssituasjon. Lyset skal vere tilkopla ei naudkraftkjelde. Lyset skal tennast automatisk ved straumbrot, og vere på i minst 30 minutt.

§ 9. Opphaldsrom

Alle skip skal ha innvendige opphaldsrom med sitjeplassar til alle passasjerane. 80 % av sitjeplassane skal vere fastmonterte. Lause stolar skal vere tilgjengelege under heile reisa og skal vere utforma og plasserte i samsvar med fjerde og femte ledd. Når reisetida er under 30 minutt, kan sitjeplassane erstattast av ståplassar.

På roro-passasjerskip der passasjerane kan opphalde seg i køyretøya, skal det vere innvendige opphaldsrom med fastmonterte sitjeplassar til minst halvparten av passasjerane. Når reisetida er under 30 minutt, kan sitjeplassane erstattast av ståplassar.

Hurtiggående fartøy skal ha innvendige opphaldsrom med fastmonterte sitjeplassar til alle passasjerar uavhengig av reisetid. Seta skal vende framover eller akterover når kollisjonsakselerasjon (g_{coll}), etter det internasjonale regelverket for hurtiggående fartøy, er 3 eller større.

Det skal reknast ei breidd på minst 500 mm for kvar sitjeplass. Det skal vere 300 mm fri plass framom kvart sete.

Når sete er plasserte ved sida av kvarandre, skal det ikkje vere meir enn fire samanhengande sete frå gangpassasje. Gangpassasje skal ha ei fri breidd på minst 600 mm.

Ståplassar skal ha haldeinnretningar plassert i ulike høgder. For kvar ståplass skal det reknast ei fri dørkflate på minst 0,5 m². Utrekninga skal ikkje inkludere

- a. 300 mm beinplass framom sete
- b. små eller uregelmessig forma område som ikkje kan nyttast til ståplassar
- c. område med fri høgde på mindre enn 2030 mm
- d. areal som er reservert for rullestolbrukarar
- e. rømmingsveg
- f. gangpassasje etter femte ledd
- g. areal som er sett av til lause stolar i samsvar med første ledd.

§ 10. *Lugarar*

Passasjerlugarar skal ha fri golvflate på minst 1 m² for kvar passasjer. Lugarane skal vere møblert slik at sikker rømming kan gjennomførast. Det skal ikkje vere meir enn to køyer over kvarandre.

§ 11. *Toalett og våtrom*

Alle skip skal ha passasjertoalett når reisetida er over 15 minutt. Talet toalett skal vere tilpassa reisetid og passasjertal. Minst eitt toalett skal vere utstyrt med stellebord.

Våtrom skal byggast slik at det ikkje oppstår skade på grunn av bruksvatn, vassøl, lekkasjevatn og kondens.

§ 12. *Sjukeom mv.*

Alle skip skal ha ein plan for transport og isolasjon av sjuke, og for å gje naudsynt førstehjelp og medisinsk behandling om bord.

Skip som skal nyttast som ambulanse skal ha eige rom for transport og behandling av sjuke.

Skip i utanriksfart skal ha sjukeom som oppfyller ein anerkjent standard. Sjukeom skal berre nyttast til behandling av sjuke og skadde. Skipet skal vere utstyrt for direkte kommunikasjon mellom sjukeområdet og telemedisinsk maritim assistanseneste.

Skip i utanriksfart skal ha ein plan for oppbevaring og transport av lik.

§ 13. *Skipsarrest*

Skip i utanriksfart skal ha skipsarrest.

§ 14. *Styreplass i passasjerområde*

Dersom styreplassen til skipet er plassert i passasjerområde, skal stå- og sitjeplassane vere arrangert slik at passasjerane ikkje er til ulempe for navigeringa av skipet.

§ 15. *Passasjerane sitt reisegods*

Alle skip skal ha tilrettelagd plass for passasjerane sitt reisegods, slik at alt reisegods ligg sikkert og ikkje blokkerer gangsoner og rømmingsvegar.

Små elektriske køyretøy med elektrisk hjelpemotor og tilhøyrande oppladbare batteri skal haldast under kontinuerleg oppsyn dersom dei blir oppbevart i innvendige opphaldsrom. Lading skal berre føregå på utvendig dekk, roro-dekk eller anna spesielt tilrettelagd område.

Farleg reisegods oppført i vedlegg 1 kan takast om bord på dei vilkåra som følgjer av vedlegget. Reiarlaget skal opplyse passasjerane om kva som er farleg reisegods.

§ 16. Krav til drift og vedlikehold

Inventar og lause gjenstandar skal vere forsvarleg sikra.

Når det blir utført vedlikehold i passasjerområde med passasjerar om bord, skal området sikrast eller sperrast av slik at ingen passasjerar blir utsett for fare.

Skipet skal ha rutinar for å halde dørk, dekk, trappetrinn og rampar sklisikre under alle forhold.

Skipet skal ha rutinar for å verne passasjerar frå farar knytt til maskineri eller teknisk utstyr som er naudsynt for drifta av skipet, når slikt utstyr er plassert i passasjerområde.

Dersom passasjerane skal besøkje delar av skipet som ikkje er passasjerområde, skal dette skje i følge med nokon som arbeider om bord. Talet på passasjerar utanfor passasjerområde skal vurderast basert på tilgjengelege rømmingsveggar og andre risikomoment i den aktuelle delen av skipet.

§ 17. Dokumentasjon

Ved nybygg eller ombygging av skip skal dokumentasjonen sendast til Sjøfartsdirektoratet i samsvar med dokumentasjonsliste utarbeidd av Sjøfartsdirektoratet.

§ 18. Dispensasjon

Sjøfartsdirektoratet kan etter skriftleg søknad gje dispensasjon frå krav i forskrifta. Spesielle grunnar må gjere dispensasjonen naudsynt, og dispensasjonen må vere tryggleiksmessig forsvarleg.

§ 19. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2022.

Frå same tid blir forskrift 2. oktober 1972 nr. 4 om beregning av passasjerantall og om passasjerbequemmeligheter m.v. oppheva.

Vedlegg 1







Farleg reisegods


















Passasjerane kan ta med farleg reisegods om bord i passasjerskip i innanriksfart. Varer som ikkje er oppførte på lista her, eller behaldarar/einingar som er større enn maksimal storleik oppført i lista, skal transporterast i samsvar med forskrift 1. juli 2014 nr. 944 om farlig last på norske skip.

Dersom samla mengd brannfarleg væske overstig 250 liter, eller talet på behaldarar med brennbar gass er større enn fem, skal det vere maksimalt 25 passasjerar om bord.




Røyking eller bruk av open flamme på utvendige dekk er forbode når skipet fører eksplosjonsfarleg eller brannfarleg reisegods.

Liste over varer som kan transporterast som farleg reisegods

UN-nummer	Varenamn	Maksimal storleik per behaldar/eining	Plassering om bord	Tilleggskrav
0012, 0014	Ammunisjon til skytevåpen	-		Transporten skal skje i samsvar med våpenlovgivinga.
0336, 0337	Forbrukartilgjengeleg fyrverkeri	-	14 A	Varene skal vere pakka inn i forseгла originalemballasje. Skapet skal vere låst eller plassert i eit område der passasjerane ikkje har tilgang medan skipet er undervegs.
0191, 0194, 0195, 0196, 0197	Pyroteknisk signalutstyr	-	14 A	Varene skal vere pakka inn i forseгла originalemballasje. Skapet skal vere låst eller plassert i eit område der passasjerane ikkje har tilgang medan skipet er undervegs.
1001	Acetylen	9,6 liter		
1002	Komprimert luft	-		
1006	Argon	11 liter		
1044	Brannsløkkingsapparat med komprimert eller flytande gass	-		
1072	Oksygen	15 liter		
1090	Aceton	1 liter	14 A	Varene skal vere pakka inn i forseгла originalemballasje.

UN-nummer	Varenamn	Maksimal storleik per behaldar/eining		Tilleggskrav
1202	Diesel	25 liter		
1203	Bensin	25 liter		
1263	Maling, lakk, spraylakk, topcoat, gelcoat	10 liter		Varene skal vere pakka inn i forseгла originalemballasje.
1300	White-spirit	5 liter		Varene skal vere pakka inn i forseгла originalemballasje.
1823	Reinhaltsprodukt som inneheld kaustisk soda	1 kg		
1824	Reinhaltsprodukt som inneheld klor	5 liter		Varene skal vere pakka inn i forseгла originalemballasje.
1950	Aerosolbeholdar	0,5 kg		
1978	Propan	11 kg		
1987	Raudsprit	5 liter		Varene skal vere pakka inn i forseгла originalemballasje.
2037	Eingongsbeholdar med gass	0,5 kg		
2672	Reinhaltsprodukt som inneheld ammoniakk	5 liter		Varene skal vere pakka inn i forseгла originalemballasje.
2796	Batteri, våte fylt med syre	-		Skal vere pakka inn slik at det ikkje kan oppstå kortslutning. Skadde batteri kan ikkje transporterast som reisegods.
3065	Alkoholhaldig drikkevare	-		Varene skal vere pakka inn i forseгла originalemballasje.
3077	Epoksy	1 liter		Varene skal vere pakka inn i forseгла originalemballasje.
3156	Gassblanding oksygen/nitrogen	12 liter		
3269	Polyesterreparasjonssett	1 liter		Varene skal vere pakka inn i forseгла originalemballasje.
3480, 3481	Litium-ion-batteri på meir enn 100 Wh som ikkje er installert i elektrisk utstyr	-		Skal vere pakka inn slik at det ikkje kan oppstå kortslutning. Skadde batteri kan ikkje transporterast som reisegods.

Symbolforklaring:

	Innvendige passasjerområde.	
	Lasterom eller utvendige passasjerområde.	
<table border="1" data-bbox="209 443 284 526"><tr><td>14 A</td></tr></table>	14 A	<p>Fastmontert skap på utvendig dekk. Skapet skal</p> <ol style="list-style-type: none">reknast som eit eige rom med kategori 14, jf. SOLAS kapittel II-2 regel 9, eller kategori A, jf. HSC2000-koden kapittel 7.3. Skapet skal ha ventilasjonsarrangement som rom med kategori 14/A. Skap på skip som ikkje er bygde etter desse standardane, skal ha brannisolering som gjev likeverdig vernha oppsamlingsbrønn på minst 25 litervere utstyrt med varme- eller røykdetektorha fastmontert brannsløkkeanlegg*vere tilrettelagt for sjøsikring av kollikunne overvakast under overfart, om naudsynt ved hjelp av kameravere tydeleg merka utvendig med «FARLEG REISEGODS». Merkinga kan supplerast med IMDG-symbol for dei aktuelle fareklassane.
14 A		
	<p>Fastmontert skap eller fastmonterte hyller på utvendig dekk. Skapet eller hyllene skal</p> <ol style="list-style-type: none">vere plasserte minst tre meter frå dører, ventilasjonsopningar, naudutgangar, rømmingsvegar, mønstrings- og innskipingsstasjonar og brann- og redningsmidlarha naturleg ventilasjon i topp og botn eller minst ei heil breiside av skapet eller hylleneha fastmontert brannsløkkeanlegg*vere tilrettelagte for sjøsikring av kollikunne overvakast under overfart, om naudsynt ved hjelp av kameravere tydeleg merka utvendig med «FARLEG REISEGODS». Merkinga kan supplerast med IMDG-symbol for dei aktuelle fareklassane	

* Eit fastmontert brannsløkkeanlegg kan i denne samanhengen vere ei løysing med dyse(r) inne i skapet som blir forsynt(e) frå ei NOR-kopling utanfor skapet.

Samlasting

- Fyrverkeri og pyroteknisk signalutstyr skal plasserast minst 6 meter frå brannfarleg reisegods.
- Brannfarleg gass skal plasserast minst 3 meter frå brannfarleg væske og blybatteri med syre.
- Oksiderande gass skal plasserast minst 3 meter frå brannfarleg væske eller brannfarleg gass.
- Dersom skipet fraktar farleg last i tillegg til farleg reisegods, gjeld krava til segregering, jf. forskrift 1. juli 2014 nr. 944 om farlig last på norske skip.

Opplæring

Reiarlaget skal sørge for at personell som skal utføre oppgaver som mellom anna omfattar vurdering og behandling av farleg reisegods, blir gitt dokumenterbar opplæring. Opplæringa skal gje personellet kjennskap til

- a. innhaldet i vedlegget her
- b. tryggleiksdatatablad og vurdering av kva som er farleg reisegods
- c. risiko knytt til farleg reisegods
- d. risiko knytt til samlasting av ulike typar farleg reisegods
- e. fareklassane og lista over farlege stoff i IMDG-koden
- f. MFAG-vedlegget til IMDG-koden
- g. EmS-vedlegget til IMDG-koden.

Opplæringa skal ta sikte på å gjere personell kjende med kva som er sikker handtering, og kva som skal gjerast i ein naudssituasjon.

Opplæringa skal supplerast med oppdateringskurs minst kvart tredje år.